

Harald Krøvel

Mikrohistorie – eit uttrykk for paradigmeskifte i historiefaget?



HØGSKULEN I VOLDA



2009

| | |
|---------------------------|---|
| Forfattar | Harald Krøvel |
| Ansvarleg utgjevar | Høgskulen i Volda |
| ISSN | 0805-8075 |
| Sats | Forfattar |
| Distribusjon | http://www.hivolda.no/fou |

Essay i vitskapsteori våren 2009, KULT8850, NTNU.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegne i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreiinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

Innleiing

I dette essayet ønskjer eg å drøfte utviklinga av den mikrohistoriske tilnærminga i historiefaget i forhold til Thomas Kuhns teoriar om paradigmeskifte innanfor vitskapen. Mikrohistorie er ei retning innanfor historiefaget som vart utvikla i 1970-åra. Retninga har nære koplinger til historisk antropologi, den nye kulturhistoria og det som i tysk forsking går under nemninga *Alltagsgeschichte* (kvardagshistorie). Som nemninga indikerer, inneber mikrohistorie at forskinga fokuserer på mindre einingar, t.d. individ, avgrensa sosiale grupper (t.d. landsbyar) eller enkeltinstitusjonar. Den mikrohistoriske tilnærminga vaks fram i opposisjon både til politiske historia med utgangspunkt i nasjonalstaten, gjerne oppfatta som det ”egentlege” historiefaget, og den strukturorienterte sosialhistoria som dominerte mykje av historiefaget i etterkrigstida (strukturalisme/marxisme). Samstundes som retninga såleis framstår som ein respons på generelle utviklingstrekk innanfor forsking og samfunn, er etableringa av retninga i høg grad knytt til einskildforskarar sine arbeid, t.d. den italienske historikaren Carlo Ginzburg. Ein kan grovt skilje mellom to ulike retningar innanfor mikrohistorie: ei italiensk(-amerikansk) og ei tysk(-engelsk-fransk) retning.¹ Den tyske retninga har hovud-sakleg fokus på sosialhistoriske tema, medan den italienske i større grad handsamar meinings- og kulturaspektet ved fortida. Også innanfor desse hovudretningane finst det ulike faglege tilnærmingar blant forskarar og forskingsmiljø. Når eg i dette essayet talar om mikrohistorie som ei fagleg retning inneber dette ei klar forenkling av ein mangfaldig forskingsaktivitet. Mikrohistorie har likevel dei siste tiåra gjennomgått ei institusjonalisering gjennom etableringa av eigne tidsskrift og tilskiping av kongressar og seminar.

Den mikrohistoriske tilnærminga inneber ikkje berre endringar i analyseobjekt og -nivå i forhold til tradisjonell historieskriving. Like mykje representerer retninga ei endring i analysemåte, kjeldebruk og ”blikket” på historia.² I alle fall vil utøvarar av mikrohistorie sjølv hevde dette. Utviklinga av mikrohistorie har dermed aktualisert teoretiske og metodiske spørsmål om kva historisk kunnskap eigentleg er for noko, og korleis historisk kunnskap kan (re)konstruerast frå kjeldematerialet. I den samanheng vil det vere fruktbart å vurdere den mikrohistoriske retninga i forhold til spenningsfeltet mellom positivisme og konstruktivism.

I utgangspunktet kan ein få inntrykk av at det mikrohistoriske feltet er kjenneteikna ved teoretisk og metodisk pluralisme. Kan ein i det heile seie at det føreligg felles epistemologiske grunnsetningar som sameinar dei vitskaplege praksisane som går under

¹ Egholm 1999: 21.

² Kaldal 1994: 48.

nemninga mikrohistorie? Gjer eventuelt slike fellesnormer det legitimt å vurdere mikrohistorie som ei spesifikk vitskapsteoretisk grein innanfor (eventuelt i opposisjon til) historiefaget? Korleis skal ein tolke framveksten av slike retningar som mikrohistorie med utgangspunkt i Kuhns syn på vitskapshistorie? Er det uttrykk for at historiefaget/humaniora enno ikkje har nådd same grad av modning som naturvitskapane? Eller kan denne type teoretiske og metodiske forskyvingar som etableringa av mikrohistorie representerer, rommast innanfor omgrepet ”normalvitskap”? Utgjer mikrohistorie og ”tradisjonell historie” komplementære delar av eitt og same paradigme?

Mikrohistorie skil seg altså frå tradisjonell historie ved val av forskingsobjekt. Ein vel å fokusere på individet og små grupper av individ innanfor ein avgrensa kontekst. I tillegg har ein gjerne teke føre seg avvikande fenomen, enten fordi dei representerer interessante forhold i seg sjølve eller fordi ein ønskjer å analysere det normale gjennom det avvikande (t.d. normene gjennom normbrot). Til dels rettar ein også andre spørsmål til sine forskingsobjekt, og ein er i mindre grad interessert i å innordne undersøkingsobjekta i større metahistorier, t.d. framveksten av staten eller moderniteten. Men er desse skilnadene tiltrekkelege til at ein kan vurdere å tale om eit nytt paradigme i historiefaget?

Thomas Kuhn

Thomas Kuhn har spelt ei viktig rolle når det gjeld dei endringane som synet på vitskap har gjennomgått frå byrjinga av 1960-talet og fram til i dag.³ Hans hovudverk, *The Structure of Scientific Revolutions* (1962), står fram som eit banebrytande arbeid på dette området. Kuhn er eigentleg utdanna fysikar, men kom til å interessere seg for vitskapshistorie og vitskapssosiologi. I *Vitenskaplige revolusjoners struktur* tek Kuhn eit oppgjer med den positivistiske oppfatninga av vitskap som ein kumulativ prosess, der forskinga kontinuerleg er på veg mot sannare og meir fullstendig kunnskap. I Kuhns forståing av vitskapleg endring har omgrepet *paradigme* ein framskoten plass. I brei forstand vert paradigme forstått som ”hele den konstellasjon av ideer, verdier, teknikker, metafysiske antakelser o.l. som er felles for medlemmene av et gitt forskersamfunn”.⁴ Innanfor eit paradigme driv forskinga med normalvitskap, dvs. vitskap som følgjer dei reglane og verdiane som er nedfelte i gjeldande paradigme. Nye forskarar vert gjennom utdanning og deltaking i forskingsarbeid kontinuerleg sosialisert inn i paradigmet. Denne vitskaplege aktiviteten er ikkje nyskapande, men har meir

³ Gilje og Grimen 2007: 85f.

⁴ Gilje og Grimen 2007: 88.

karakter av eit ”puslespel”.⁵ Ein freistar stadig å løyse nye problem i tråd med føresetnader i paradigmet, og innanfor kvart paradigme er såleis forskinga kumulativ.

Vitskapleg endringar på eit fundamentalt plan oppstår derimot gjennom brot, såkalla vitskaplege revolusjonar, som inneber at eit nytt paradigme erstattar det føregåande. Skiftet frå eit paradigme til eit anna vil vere forårsaka av opphopingar av såkalla *anomaliar*, dvs. observasjonar og data som ikkje er i samsvar med føresetnadene i paradigmet. Førekomsten av anomaliar vil kunne føre til krissesymptom i det eksisterande paradigme, t.d. i form av fagleg usemje, lausare reglar for god forsking og auka interesse for grunnlagsspørsmål i vitskapen. Eit eventuelt paradigmeskifte vil kome som resultat av ein kamp mellom representantane for det gamle og det nye paradigmet, ein kamp der konfliktlinjene ikkje sjeldan fell saman med skiljet mellom ulike generasjonar av forskrarar. Fordi kampen står mellom to paradigme som er innbyrdes uforliklege, vil mulegheitene for kompromiss ikkje vere til stades. Ja, ulike paradigme vil ofte ha ein så forskjellig karakter at dei rett og slett ikkje kan samanliknast (dei er inkommensurable).

Kuhns bakgrunn som fysikar gjer at han hentar dei fleste døma i drøftingane av paradigme og paradigmeskifte frå naturvitskapen. I kva grad vitskapleg aktivitet i eit humanistisk fag som historie kan vurderast i forhold tilparadigmeomgrepet, er eit ope spørsmål. Kuhn sjølv stilte seg tvilande til at det finst paradigme i samfunnsvitskapane ettersom det her ofte føreligg usemje om kva som er allment godkjende forskingsresultat.⁶ Det har likevel vore gjort forsøk på å påvise paradigme både innanfor humaniora og samfunnsvitskap, men då gjerne på grunnlag av ei lausare betydning av paradigmemeomgrepet.

Min intensjon med dette essayet er å drøfte kor vidt skilnadene mellom mikrohistorie og ”tradisjonell” historie i forlenginga av historismen og strukturalismen/marxismen, er tilstrekkelege til at ein kan tale om ulike paradigme i den tydinga av ordet som er presentert ovanfor. Eg vil i dette essayet ikkje primært beskrive sjølve overgangen frå eit paradigme til eit anna i historievitskapen, eller gjere greie for kva utviklingstrekk som eventuelt gjorde overgangen muleg, men derimot konsentrere framstillinga om forholdet mellom mikrohistorie og det som med eit noko vagt sekkeomgrep kan kallast ”tradisjonell historie”. Essayet har såleis eit samanliknande perspektiv.

⁵ Kuhn 2007: 53.

⁶ Gilje og Grimen 2007: 87.

Kuhns paradigmgeomgrep

Ovanfor er det presentert ein generell definisjon av paradigmgeomgrepet. For å gjennomføre ein systematisk samanlikning mellom mikrohistorie og ”tradisjonell historie” med tanke på kor vidt det er snakk om ulike paradigme i kuhnsk forstand, kan det vere nyttig å sjå meir på kva konkrete element Kuhns paradigmgeomgrep viser til. Kuhn sjølv har peikt på fire aspekt ved omgrepet:⁷

- 1) Symbolske generaliseringar (lover)
- 2) Ontologiske eller metafysiske vurderingar av kva som finst i verda av gjenstandar, fenomen og prinsipp
- 3) Sett av delte verdiar om kva som utgjer god forsking i ein forskarfellesskap
- 4) Paradigme i den opphavlege og konkrete betydninga

I det følgjande vil eg vurdere mikrohistorie i forhold til dei tre første komponentane. Når det gjeld den fjerde komponenten, paradigme i snever betydning, omfattar dette først og fremst førebileteleg problemløsing i konkret forstand, t.d. i form av eksempel i lærebøker eller klassiske vitskaplege arbeid som har vore normdannande for forskingsaktiviteten innanfor eit paradigme i brei forstand.⁸ Eg vil ikkje gå nærare inn på denne komponenten, men eg registrerer at det innanfor begge dei to hovudretningane av mikrohistorie finst forskingsarbeid som innehavar ein opphøgd posisjon som klassiske og førebiletelege problemløsingar. I den italienske retninga gjeld dette Carlo Ginzburgs *The Cheese and the Worms: the Cosmos of a Sixteenth-century Miller*, ei undersøking av verdsbiletet til ein italiensk møllar på 1500-talet.⁹ Innanfor den tyske sosialhistoriske retninga framstår David Warren Sabean sin analyse av den tyske landsbyen Neckarhausen i perioden 1700-1870 som eit pionérarbeid.¹⁰

Symbolsk generalisering – allmenne lover

I vurderinga av relevansen til den første komponenten ovanfor, generelle lover, vil ein kome rett inn i kjernen av debatten både om det vitskaplege grunnlaget for humaniora, og forholdet mellom humaniora og naturvitskapen. I kva grad kan/bør humanistiske fag basere den vitskaplege aktiviteten på identifikasjon og bruk av allmenne lover? Representantar for den

⁷ Kuhn 2007: XXIV, Tjønneland 1998: 290, Gilje og Grimen 2007: 88f.

⁸ Gilje og Grimen 2007: 89.

⁹ Ginzburgs bok kom ut første gangen på italiensk i 1976 og vart omsett til engelsk i 1980. I 2006 kom boka ut på dansk med tittelen *Osten og ormene – kosmos ifølge en 1500-tals møller*.

¹⁰ Sabean, David Warren: *Property, production, and family in Neckarhausen 1700-1870*. Cambridge University Press 1990.

positivistiske/scientistiske posisjonen vil her ha som utgangspunkt at det berre finst ein type vitskap og at all vitskap djupast sett gjer nytte av den same metoden (metodisk einskap).¹¹ Den hypotetisk-deduktive metode innanfor naturvitskapen vert etter dette synet rekna som gyldig innanfor alle vitskapar, og all vitskap føreset referanse til allmenne lovsamanhangar. Positivismekritikarane hevdar derimot at det finst to eller fleire typar vitskapar og vitskaplege metodar. Argumentasjonen deira på dette punktet går attende til 1800-talets diskusjon om forholdet mellom forklaring (naturvitskap) og forståing (humaniora). Også dikotomiar som historie-natur (Vico), menneske-natur, deltakar-tilskodar (Skjervheim) har danna grunnlag for positivismekritikarane si avvising av førestellinga om metodisk einskap. I humanistiske fag vert gjerne hermeneutikken (fortolkingslære) ført fram som eit alternativ til årsaksforklaring og den hypotetisk-deduktive metode.¹²

Innanfor historiefaget har den positivistiske posisjonen kome til uttrykk i oppfatninga om "the covering law". Ifølge dette synet, representert av m.a. filosofen Carl Hempel, vert det å forklare eit historisk fenomen det same som å finne den allmenne lova som tilfellet hører inn under, dvs. den dekkande lova ("the covering law").¹³ Hempel opererte rett nok med to ulike typar forklaringar, høvesvis nomotetisk-deduktive og probabilistisk-statistiske forklaringar. Den førstnemnde forklaringstypen er basert på utleiningar frå universelle lover, den sistnemnde på utleiningar frå statistiske lover.¹⁴ I og med at forklaringar med referanse til statistiske samanhengar ikkje er deduktive, men induktive, overskrid Hempel dermed den nære koplinga som elles føreligg mellom positivisme og hypotetisk-deduktiv metode. Den motsette posisjonen, først og fremst representert ved hermeneutikken, hevdar at oppgåva til historikarane ikkje er å årsaksforklare fenomen (eller forklare gjennom statistiske samanhengar), men å forstå menneskeleg handling i ein fortidig kontekst. Både identifisering av motiv hos historiske aktørar, tolking av meining og innleiving i historiske samanhengar er sentrale forskingsaktivitetar, ifølgje denne hermeneutiske tilnærminga. Historikaren William Dray avviser såleis at covering law-teorien er nødvendig å bruke for at historiefaget skal ha vitskapleg status.¹⁵ Ja, alle forsøk på å identifisere universelle eller statistiske lover for å kunne bruke covering law-teorien i historiefaget, er både umuleg og unyttig aktivitet, ifølgje Dray.

¹¹ Krogh m. fl. 2003: 112f.

¹² Kjeldstadli 1997:116f.

¹³ Kjeldstadli 1997: 115.

¹⁴ Krogh m.fl. 2003: 122.

¹⁵ Krogh m. fl. 2003: 124.

I tillegg til positivismen og hermeneutikken, finst det også eit tredje standpunkt når det gjeld forklaringar i historiefaget. Denne legg vekt på sjølve forteljinga (narrasjonen) som forklaring av historiske fenomen. Historiske forklaringar ligg etter dette synet innbakt i den måten historikaren organiserer historiske fakta på, måten ein byggjer opp forteljingar på. Sjølv om det er muleg å identifisere faste mønster i ulike forteljingar, er den narrative tilnærminga forskjellig frå covering law-teorien på den måten at tilnærminga inkluderer reint partikulære forhold (tilfeldigheiter, avvik, det uventa). Narratologien bryt heller ikkje med hermeneutikken når det gjeld vektlegginga av reint individuelle motiv og formål. Heller ikkje i denne retninga kan komplekse historiske fenomen såleis reduserast til individuelle uttrykk for allmenne lovsamanhangar.

Oppsummeringsvis kan ein seie at historikarane ikkje utan vidare avviser at det finst lovbundne samanhengar som kan forklare historiske fenomen i fortida. Slike samanhengar kan ein t.d. finne innanfor økonomi og demografi.¹⁶ Det individuelle enkeltilfellet har likevel så stor betydning i historiefaget at skiljet mellom lovbundne prosessar og det partikulære rett og slett ikkje framstår som ein avgjerande distinksjon. Innanfor mikrohistorie gjer reindyrkinga av det partikulære og individuelle, særleg innanfor den kulturelle (italienske) varianten av mikrohistorie, at fokuset i endå mindre grad enn for andre fagretningar, er retta mot allmenne lover. Men det er truleg ikkje rett å seie at utøvarar av mikrohistorie er prinsipielle motstandarar av lovbundne samanhengar i forskinga, men det er ikkje denne type samanhengar ein er interessert i innanfor denne greina av historiefaget. Følgjeleg kan knapt mikrohistorie oppfattast som noko eige paradigme i forhold til historiefaget generelt basert på ulikskapar i haldning til symbolske generaliseringar (lover).

Kva konsekvensar får resonnementet ovanfor for vurderinga av humaniora/historiefaget i forhold til paradigme-omgrepet? Det faktum at symbolske generaliseringar (allmenne lover) langt frå har ein så sentral plass i historiefaget som i naturvitenskap, må bety at paradigme-omgrepet ikkje utan vidare kan overførast frå sitt opphav i naturvitenskapen. Symbolske generaliseringar er både eintydige og allmenne i sin karakter, noko som gjer dei til viktige identitetsmarkørar for ulike paradigme. Til dømes vil karakteren til naturlovene i Newtons fysikk gjere den enkelt å skilje ut det paradigmet som desse lovene er ein del av, frå eldre paradigme knytt til t.d. aristotelisk naturforståing (sjølv om kanskje denne naturforståinga strengt tatt tilhører det før-vitskaplege stadiet). Det er derfor vanskeleg å drøfte i kva grad nye retningar innanfor humanistiske fag representerer paradigmeskifte. I

¹⁶ Krogh m.fl. 2003: 132.

utgangspunktet kan overgangar mellom ulike faglege tilnærmingar framstå som mjukare og meir gradvise, og vitskaplege endringar har dermed, i alle fall tilsynelatande, mindre karakter av revolusjonar enn i naturvitenskapen. Det er likevel knappast tvil om at Kuhns teori om paradigme og paradigmeskifte inneholder viktige innsikter når det gjeld vitskaplege endringsprosessar. Mange av desse innsiktene er også relevant for humanistiske fag. Eg vil derfor halde fram med å diskutere forholdet mellom mikrohistorie og ”tradisjonell” historiefagleg verksemd, m.a. knytt til historisme og strukturalisme, med utgangspunkt i Kuhns paradigmeargument.

Ontologi – kva er fortid/historie?

Den andre komponenten ved eit paradigme omfattar ontologiske eller metafysiske vurderingar av kva som finst i verda av gjenstandar, fenomen og prinsipp. Dei konkrete døma som t.d. Nydal viser til i innleiinga til den norske utgåva av Kuhns verk, er henta frå fysikken og har ikkje nokon direkte parallellear i humanistiske fag.¹⁷ I noko grad er denne komponenten overlappande med den føregåande. Drøftinga av førekomsten av allmenne lover i historisk forsking tangerer spørsmålet om den ontologiske statusen til ulike fenomen og prinsipp. Eit interessant grunnlagsspørsmål som må seiast å vere relevant for denne komponenten, er i kva grad ein ser på fortida som noko faktisk eksisterande. Og kva med historikarane sine representasjonar av fortida? I kva grad er desse objektive uttrykk for sanningar om fortida, i kva grad er dei meir eller mindre subjektive konstruksjonar frå historikarane si side?

Historismen definerte på 1800-talet målet med historiefaget til å rekonstruere fortida slik ho ”eigentleg var” (*wie es eigentlich gewesen*), noko som innebar bruk av objektiv vitskapleg metode.¹⁸ Denne haldninga vart modifisert på 1900-talet. Ein innsåg problema som var knytt til at historikaren sjølv alltid er plassert inn i ein spesifikk historisk og sosial kontekst. Auka medvit om historiegranskaren si avhengigheit av teori ved identifisering av fakta, verka i same retning. Den såkalla ”språklege vendinga” i humanistiske fag frå 1970-talet forsterka oppgjeret med den objektive og positivistiske historieoppfatninga. Representantar for den språklege vendinga fokuserer på korleis språket ikkje berre har ein avspeglende, men også ein meiningskapande funksjon.¹⁹ Dette bryt med tidlegare historieforskning sin føresetnad om at språk korresponderer med ein fortidig røyndom på ein direkte og enkel måte, og kategorisering og identifisering av historiske fenomen har dermed

¹⁷ Nydal 2007: XXIV.

¹⁸ Kjeldstadli 1997: 51ff.

¹⁹ Simonsen: 2003: 20.

vorte problematisert i samband med operasjonaliseringa av den språklege vendinga i historiefaget.

Den nye kulturhistoria som vaks fram på 1980-talet, vidareførte mange av dei innsiktene som var karakteristiske for den språklege vendinga. Kaldal meiner ”nyare kulturhistorie” kan tene som samlenamn for mange av dei retningane som gjorde seg gjeldande på 1980-talet og utetter: historisk antropologi, mikrohistorie, Alltagsgeschichte, poststrukturalisme, den språklege vendinga, diskursanalyse og historie som forteljing.²⁰ Desse retningane kom i varierande grad til å verte knytt opp mot den såkalla ”postmoderne utfordringa”. Postmodernismen er m.a. kjenneteikna av bortfallet av såkalla ”siste-instansar”, dvs. at fenomen ikkje kan forankrast i noko endeleg gjeve, noko udiskutabelt sant. Postmodernisme kom, rett nok ofte i ei karikert form, til å verte forbunde med ei ytterleggåande relativisme der alle forteljingar om fortida var like gyldige. Fortida løyser seg opp i eit uendeleg tal mulege historier, der ingen er meir sanne enn andre. Erkjenning vil etter eit slikt syn vere fundamentalt subjektiv, og einkvar historisk påstand og resonnement vil såleis unndra seg falsifisering.²¹ Er dette trekk som også kjenneteiknar den mikrohistoriske tilnærminga, og kva konsekvensar får det for vurderinga av mikrohistorie sin ståstad i forhold til meir tradisjonell historieskriving?

Det er ikkje tvil om at konstruktivismen er eit grunnleggande drag ved mikrohistorie, samstundes som mikrohistorikarane si vektlegging av dei mange små historiene, ofte med utgangspunkt i marginale hendingar, grupper eller fenomen, kan gje assosiasjonar til den postmodernistiske oppløysinga av historia med stor H. Det konstruktivistiske utgangspunktet til mikrohistorie opnar likevel knappast opp for noko fullstendig subjektivisme eller ”anything goes”-haldning. Følgjande karakteristikk av den språklege vendinga frå historikaren Dorthe Gert Simonsen, kan truleg også gjerast gjeldande for mikrohistorie:²²

Den sproglige vending betyder med andre ord ikke at alting bliver fiktion eller konstruktion i klassisk idealistisk forstand, men derimod at alting også er kulturelle konstruktioner hvad angår tingenes og hændelsernes måde at være meningsfyldte på.

Det som Simonsen kallar ”ting” og ”hændelser” utgjer det historikarane vanlegvis kallar fakta. På grunnlag av historiske kjelder, eller ”spor/”teikn” som utøvarar av mikrohistorie truleg ville uttrykkje det, vert fakta (re)konstruert av forskaren. Konstruksjonen vil her

²⁰ Kaldal 2002: 7.

²¹ Kjeldstadli 1993: 517.

²² Simonsen 2003: 20.

omfatte fleire nivå: identifisering av spor / teikn, påfølgjande fortolking og etableringar av fakta, og til slutt oppbygginga av større samanhengar og mønstre med utgangspunkt i desse fakta. Det sistnemnde nivået vil innanfor mikrohistorie vere identisk med rørsla frå fakta til meinings- og kulturnivået. I tråd med den semiotiske tilnærminga innanfor kulturanthropologi (jf. Geertz' "thick description"), vert spora/teikna leste som meiningsberande tekstar. Spørsmålet er her om mikrohistorie har avvikande haldningar og praksisar i forhold til andre historierettingar med omsyn til graden av konstruktivisme. Både når det gjeld identifiseringa av kjelder og etablering av historiske fakta, vil vel dei fleste historikarar i dag vere samde om at denne delen av forskingsprosessen har eit konstruktivt aspekt ved seg fordi kjelder og fakta er avhengige av teori og førehandstankar om undersøkingsobjektet. Ingen objekt eksisterer utelukkande i kraft av seg sjølv, som noko opphavleg eller konstant, men får mening først gjennom relasjonar til noko anna. Det er slike relasjonar som ifølge den språklege vendinga gjer hendingar og fenomen til teikn. Eit slikt konstruktivistisk synspunkt står likevel i opposisjon til positivistiske haldningar i historiefaget slik ein særleg finn dei i tidlegare periodar, t.d. innanfor delar av sosialhistoria i etterkrigstida.

Historiografen George G. Iggers har peika på ein innebygd motsetnad i den antropologiske tilnærminga til fortida som skapar særlege vanskar for mikrohistorie. Eit karakteristisk kjenneteikn ved mikrohistorie er vektlegginga av annleisheita ved fenomen i fortida, noko som inneber at det føreligg ein klar avstand mellom forskaren og forskingsobjektet. Dette har vore grunnlaget for særleg sterke åtvaringar mot å projisere forhold ved forskaren si samtid på samfunnsforhold i fortida. Reint konkret har dette gjeve seg utslag i ei sterk interesse mellom mikrohistorikarar for å undersøkje historisiteten til omgrep, slik at ein kan få størst muleg grad av innblikk i vekselverknaden mellom røyndommen/røynsla på den eine sida, og teikna, spora, orda og omgrepene på den andre sida.²³ Dette inneber ifølge Iggers at mikrohistorie faktisk opererer med ein røyndom som er uavhengig av forskaren, ein røyndom som forskaren trass alt må forholde seg til.²⁴ Mikrohistorikaren møter likevel dette annleise ved fortida som ein tekst som skal lesast på same måte som ein litterær tekst (jf. Geertz). Men ein litterær tekst vil alltid vere open for ulike lesemåtar, og den mikrohistoriske tilnærminga vil derfor stå i fare for å tilsløre grensa mellom fakta og fiksjon.

For mikrohistorikarar er det ikkje noko mål å nå fram til ei einskapleg historie på overordna plan. Som retning har mikrohistorie vakse fram nettopp i opposisjon mot

²³ Harbsmeier 1999: 12.

²⁴ Iggers 2005: 116.

nasjonalstaten sin hegemoniske posisjon som utgangspunkt for den overordna og gyldige historia. Ein ønskjer både å desentrere blikket på fortida og løyse koplingane mellom politisk makt og historieskriving. At det finst fleire måtar å lese spora frå fortida på, kan derfor tolkast som eit uttrykk for at historie kan skrivast med ulike utgangspunkt (staten, sosiale grupper, individet mm). Dette synest rimeleg ikkje minst fordi det ofte er meinings- eller kulturdimensjonen som er målet for mikrohistorisk forsking. Det er ikkje rekonstruksjon av sjøve hendingssforløp eller identifisering av allmenne sosiale strukturar som er i hovudfokus i mikrohistorie. Hending- og handlingsnivået har først og fremst sin funksjon som grunnlag for analyse av mening og kultur. Dette fokuset gjer at forskinga ikkje nødvendigvis munnar ut i ei einskapleg, avstemt og integrert historie som ”går opp”. Prioriteringa av mening og betydning har derimot som følgje at det motsetningsfulle og innbyrdes uforliklege har sin naturlege plass i mikrohistorie. Ein har såleis teke innover seg den kritikken som har vore retta mot Geertz når det gjeld den harmoniserande og einskaplege forståinga av kulturar som stabile einingar.²⁵ Motstanden mot oppfatninga av historia som ei einskapleg, rettlinja utvikling, saman med vektlegginga av dei mange ulike og delvis motstridande historiene frå fortida, er likevel ikkje uttrykk for at fortida løyser seg opp i postmodernistisk relativisme innanfor det mikrohistoriske perspektivet. Ein har ikkje gått bort frå røyndomsprinsippet og førestellinga om at historieforsking har eit bestemt forhold til sanning, sjølv om bruken av kulturvitakaplege perspektiv har fjerna ein frå den logiske positivismen sine standpunkt. Førekomsten av eit mangfold av ulike historier utelukkar ikkje at somme historier faktisk er usanne. Dette er innsikter som grunnleggjaren og den mest sentrale representanten for den italienske mikrohistoria, Carlo Ginzburg, har poengt i sitt oppgjer med Hayden White i samband med ein diskusjon om den ontologiske statusen til holocaust.²⁶

At eit slikt sanningsprinsipp gjeld på eit grunnleggande faktanivå, dvs i tilknyting til konkrete hendingar og fenomen i fortida, kan synest openbert. Men kva med sanningsprinsippet i forhold til høgare nivå innanfor den historiske analysen? På eit slikt høgare abstraksjonsnivå vil gjerne teoriar eller heilskaplege tilnærmingar binde saman fakta til større samanhengar.²⁷ Her vil dei vitakaplege krava om konsistens og logikk normalt sørge for at sanningskrava vert ivaretakne på ein indirekte måte (utleidde frå empirien), og teoretiske konstruksjonar som strid mot fakta, vert ekskluderte frå vitakaplege framstillingar. I mikrohistorie er det først og fremst mening, betydning og kultur som utgjer det teoretiske

²⁵ Egholm 1999: 20.

²⁶ Thing 1999: 23.

²⁷ Kjeldstadli 1993: 518.

nivået som på mange måtar er målet for analysen, i alle fall innanfor den italienske greina av mikrohistorie. Representantar for mikrohistorie vil likevel reservere seg mot ei tilnærming der avstanden mellom empiri og teori vert for stor. Ettersom målet med mikrohistorie er å innkrinse det levde livet,²⁸ vil ein leggje vinn på å gjere avstanden mellom fakta og ”teori”, uttrykk og innhald, handling og betyding / kultur, så liten som muleg. Ein er i liten grad interessert i å byggje teoretiske overbygnader, både fordi slike konstruksjonar aukar distansen til det levde liv, og fordi overordna teoriar ofte vil kunne etablere seg som einskaplege metahistorier, noko mikrohistorie i utgangspunktet definerer seg i motsetning til. På den andre sida vil ein kunne hevde at meining og kultur korresponderer mindre direkte med ein historisk røyndom enn demografiske, økonomiske og politiske faktorar. Innanfor semiotikken, som mikrohistorie har motteke sterke impulsar frå, ikkje minst gjennom Geertz` metode ”thick description”, hevdar ein såleis at det føreligg eit tilfeldig (om enn regelbunde) forhold mellom teikn/uttrykk og betyding/innhald. Kanskje er det såleis rett å seie at avkoding av kulturell meining ofte vil krevje større innslag av subjektive konstruksjonar enn teoriar om samanhengar mellom t.d. økonomiske og politiske faktorar.

Når det ovanfor er argumentert for at mikrohistorie opererer med sanningskrav i forhold til grunnleggande fakta, er det viktig å vere klar over den relasjonelle og dialektiske forholdet mellom empiri og teori, fakta og kultur, som ligg til grunn for historiesynet innanfor mikrohistorie. Ei fortidig handling kunne i si samtid vere forbunde med ulik betyding for ulike aktørar, samstundes som den kulturelle verdien kunne reforhandlast og endrast over tid. Dette konstruktivistiske synet på konkrete hendingar har som konsekvens at fakta ikkje utan vidare kan vurderast som positivt gjeve, som substans, og den ontologiske statusen til fakta vert såleis problematisert. Spørsmålet er om dette meiningsaspektet ved handlingar og hendingar kan skiljast ut frå ei uforanderleg kjerne av fakta. På eit analytisk plan vil nok dette late seg gjere. Ja, ein sentral aktivitet innanfor mikrohistorie er nettopp å kople handlingar opp mot betydningsunivers. Men i alle høve er det muleg å argumentere for at meining i det ”levde livet” ikkje er noko som kjem etter, eller alltid finst utanfor, sjølve handlingane. Er det då framleis muleg å nå fram til ei ureduserbar kjerne av fakta?

Det at ein innanfor mikrohistorie synest å halde fast ved røyndomsprinsippet, samstundes som ein både opererer med fleire parallelle historier og dei moderne kulturfaga sine konstruktivistiske tilnærmingar, plasserer mikrohistorie inn i den større faghistorisk samanheng som omfattar det som gjerne går under nemninga ”ny kulturhistorie”. I forhold til

²⁸ Egholm 1999: 21.

historieforsking som i større eller mindre grad er knytt opp mot denne kulturhistoria, vil mikrohistorie ikkje representere noko avvik eller brot når det gjeld ontologiske vurderingar av fortida som fenomen. Eit eventuelt paradigmeskifte i Kuhnsk forstand må såleis identifiserast i skjeringspunktet mellom dei mange ulike faglege retningane som har oppstått i kjølvatnet av den språklege vendinga på 1970-talet på den eine sida, og diverse historiske retningar med positivistiske pretensjonar frå etterkrigstida på den andre.

Metode

Den tredje komponenten i Kuhns paradigmomgrep omfattar sett av delte verdiar om kva som utgjer god forsking i eit forskarfellesskap. Handsaminga av denne komponenten følgjer naturleg etter føregåande tema. Førestellingar om røyndom legg ganske klare føringar på kva som er god forsking. Den tredje komponenten er likevel retta mot forsking som kollektiv praksis, der den føregåande omfatta ontologiske vurderingar. Epistemologien erstattar dermed ontologien. Her vil eg ta føre meg skilnadene mellom ”tradisjonell” historie og mikrohistorie med omsyn til dei metodane som vert nytta for å rekonstruere fortida. Eg vil leggje særleg vekt på dei metodiske grepa som er karakteristiske for mikrohistorie. Kva som vert oppfatta som legitime metodar for å produsere kunnskap, rører sjølvsagt berre ved ein del av verdigrunnlaget for forskarfellesskapen. Noko uttømmande samanlikning av verdigrunnlaget innanfor høvesvis mikrohistorie og andre former for historievitskap, er det ikkje rom for i denne samanhengen. Hovudfokuset vil såleis ligge på historisk metode.

Eit tema som ikkje gjeld metode i snever forstand, men som likevel har avgjerande innverknad på både val av metode og forklaringstypar, er distinksjonen mellom metodologisk individualisme og metodologisk kollektivisme. Der metodologisk individualisme forklarer historiske og sosiale fenomen ved å vise til enkeltindivid si åtferd og skildringar av dei situasjonar individet handlar i, vil ein kollektivist derimot føre individuell åtferd attende til sosiale fenomen og posisjonane til individet innanfor sosiale system.²⁹ I spenningsfeltet mellom individ og struktur, vil mikrohistorie utan tvil plassere seg nær ”individ-polen”. Ein del av bakgrunnen for framveksten av mikrohistorie var nettopp opposisjonen mot sosialhistoria si vektlegging av anonyme strukturar, og synleggjeringa av individet har såleis vore ei sentral målsetjing for den mikrohistoriske tilnærminga. Reduksjonen i analysenivå er uttrykk for denne viljen til å studere individuell handling innanfor ein avgrensa sosial kontekst. Representantar for mikrohistorie vil likevel ikkje avvise førekomsten av

²⁹ Gilje og Grimen 2007: 189f.

overindividuelle strukturar av sosial eller kulturell karakter.³⁰ Mykje av forskinga har nettopp som mål å avdekkje koplingane mellom individ og kulturelle betydingsunivers, og når det gjeld tyske varianten av mikrohistorie, også sosiale institusjonar. Bruken av semiotiske tilnærmingar, t.d. i tilknyting til Geertz ”thick description”, vil såleis ha som føresetnad at det innanfor ein kontekst føreligg ein kulturell kode som er gyldig på eit overindividuelt plan. Poenget her er at slike overindividuelle strukturar ikkje er direkte tilgjengeleg for forskaren, men må framanalyserast gjennom hendingsnivået.³¹ Analysen går altså fra individ- til strukturnivået, og denne retninga er eit karakteristisk kjenneteikn ved metodologisk individualisme.³² Det er likevel eit spørsmål om denne individualismen er gjennomført i rein form. Mikrohistorisk forsking gjer ikkje forsøk på å redusere mennesket til eit biologiske eller psykologisk atom, sjølv om det individuelt særeigne i kulturell forstand ofte er tema for mikrohistoriske analyser (jf. dei religiøse forestellingane hos møllaren Menocchio i Carlo Ginzburg hovudverk ”Osten og ormane”). Vektlegginga av den sosiale dynamikken i fortidige kontekstar gjer det rimeleg å tru at det må finnast ein vekselverknad mellom individuelle handlingar og sosiale / kulturelle fenomen, slik at overindividuelle forhold legg føringar på individuelle handlingar. Hovudtrekket er likevel at mikrohistorisk forskingsaktivitet i all hovudsak vil vere forankra i metodologisk individualisme.

I forhold til Kuhns teoriar om paradigmatiske endringar innanfor vitskapen, vil plasseringa av mikrohistorie langs ein struktur-aktør-akse likevel ha mindre betydning. Innanfor historiefaget sett under eitt finn ein både representantar for metodologisk individualisme og kollektivism. Det føreligg såleis inga avklaring når det gjeld dette sentrale metodiske spørsmålet i historiefaget (eller humaniora / samfunnsvitskap for den saks skuld), noko som etter Kuhn si oppfatning av vitskapleg utvikling truleg må tolkast som uttrykk for at historiefaget enno ikkje har utvikla noko eigentleg paradigme. Ein er framleis i ein før-paradigmatisk tilstand.

Ei sentral metodisk tilnærming i mikrohistorie er bruken av antropologen Geertz såkalla ”thick description”. Kort fortalt inneber denne metoden ei tett og nær skildring av sosial handling innanfor spesifikke kontekstar. Metoden har teke opp i seg viktige innsikter frå semiotikken, og sosiale handlingar vert handsama som teikn med ein kulturell betydning. Handlingane viser til kulturelle referansesystem, og kulturen vert etter dette ein tekst som kan lesast på grunnlag av observerte handlingar (ord/teikn). Det semiotiske perspektivet er

³⁰ Egholm 1999: 22.

³¹ Egholm 1999: 22.

³² Gilje og Grimen 2007: 179.

introdusert i historiefaget gjennom den antropologiske metoden til Geertz, men representantar for mikrohistoria har på viktige punkt modifisert Geertz metodiske grep. Ein har såleis gått bort frå den funksjonalistiske varianten av Geertz kulturanalyse, der avdekkinga av stabile og harmoniske strukturar ikkje i tilstrekkeleg grad har opna opp for det konflikt- og motsetnadsfylte ved framande samfunn. I tillegg til å kaste lys over dei sistnemnde forholda, ønskjer også utøvarar av mikrohistorie å forstå endring i større grad enn det den antropologiske modellen til Geertz legg opp til. Det sentrale spørsmålet i denne samanheng er i kva grad tileiginga av antropologiske metodar har fjerna mikrohistoria frå det ein kan kalle ”tradisjonell” historisk forsking på ein slik måte at det er legitimt å snakke om eit brot. I utgangspunktet verkar det vanskeleg å sjå kva dette brotet skulle bestå i. Vektlegginga av den tette konteksten i ”thick description” representerer eit forsterka krav i forhold til metodiske framgangsmåtar som allereie føreligg i historiefaget. Ein kan ikkje vurdere eit historisk fenomen uavhengig av sin kontekst, dersom ein har intensjonar om å drive vitskap. Også i hermeneutikken er vurderinga av ein tekst (eller ei anna kjeldetype) heilt avhengig av at ein vurderer teksta i ein heilskapleg kontekst, og ein mest muleg utførleg rekonstruksjon av konteksta vil langt på veg vere ein føresetnad for at ei horisontsamansmelting skal kunne realiserast. Den semiotiske tilnærminga har klare likskapstrekk med hermeneutikken. I begge tilnærmingane er fortolking den primære aktiviteten, og begge opererer med distinksjonen uttrykk/teikn – mening/innhald. Det er vanskeleg å sjå korleis dei semiotiske analysen kan stå i noko konfliktforhold til metodar som allereie er etablert i historiefaget. Bruken av antropologiske metodar i mikrohistorie representerer såleis meir ei gradvis metodisk fornying enn noko paradigmatiske brot.

Hermeneutikk er ein integrert del av all historisk metode. Så også i mikrohistorie. Men i motsetning til tradisjonell hermeneutikk, avviser ein at det kan førekome noko samansmelting mellom forskaren sin horisont og horisonten til den historiske teksta (tekst her brukt i vid forstand). Dette synet på hermeneutikk har mikrohistorie henta frå antropologien der den kulturelle avstanden mellom forskar og forskingsobjekt (framande kulturar) gjerne har vore så stor at ein har avvist mulegheita for horisontsamansmelting.³³ På tilsvarende måte ser mikrohistorikarane på fortida som ”eit framand land” som er skilt frå notida ved fleirfaldige brot i utviklinga. Ja, sjølve omgrepet ”utvikling” er ikkje reint uproblematisk innanfor mikrohistorie. Førestellinga om fortida som ein meir eller mindre jann og kumulativ prosess, særleg i tydinga framsteg (modernitetsutvikling), vil ein forkaste. Dette historiesynet inneber

³³ Egholm 1999: 32, Medick: 84.

at det er problematisk å nytte Gadamer sine omgrep ”verknadshistorie” og ”tradisjon”. For Gadamer utgjorde verknadshistoria ein autoritet i den hermeneutiske analysen, men denne autoriteten aksepterer ikkje mikrohistorikarar.³⁴ Derimot talar ein om ”hermeneutics with a difference”, ein ulikskapane sin hermeneutikk. Ein ønskjer ikkje å redusere det framande til noko kjent, noko som er i samsvar med forskaren sin forståingshorisont.³⁵ Tvert imot er det eit poeng å reversere rørsla i den tradisjonelle hermeneutiske sirkelen, i den forstand at ein vil ”framandgjere” den kjende (”to make the familiar alien”). Løysinga er ikkje å leve seg inn i fortida sine aktørar og samfunn, men derimot å analysere dei symbolske uttrykka, i form av handlingar, ord, bilete og institusjonar, som menneske presenterer seg sjølve gjennom.³⁶ Dermed er ein attende til antropologien og semiotikken. Tilnærminga til fortida vil også skje gjennom å utvikle erfaringsnære omgrep basert på perspektivet til dei historiske aktørane, samstundes som ein er medviten om at tolkingsdimensjonen krev meir enn å ta utgangspunkt i synsvinkelen til desse aktørane. Både kulturell mening og sosiale relasjonar, to faktorar som ikkje kan handsamast isolerte frå kvarandre, eksisterer utanfor aktørane. Aktørane sjølve har såleis ikkje alltid tilgang til desse meaningane, noko som medfører at den tradisjonelle hermeneutikken sine krav om innleving og horisontsamansmelting ikkje nødvendigvis leier fram mot forståing for kulturelle trekk ved fortida.

Avsluttande drøfting

Korleis kan så framveksten av mikrohistorie forståast i forhold til Kuhns teori om paradigmeskifte? Vi har sett at historiefaget sin manglande fokus på og bruk av generelle lover, reduserer paradigmomgrepet sin relevans for skildringa av utviklinga i faget. Det rådande synet på kva fenomen som konstituerer fortida, plasserer mikrohistorie innanfor ei breiare gruppe av fagretningar knytt til omgrepet ”ny kulturhistorie”, samstundes som det kan argumenterast for at det føreligg eit paradigmatsk brot mellom denne breiare grupperinga og den positivistisk orienterte historieforskinga som gjorde seg gjeldande særleg innanfor sosialhistoria på midten av 1900-talet. Ein kunne innvende at førekomsten av mange samtidige og parallelle retningar med ulik ståstad i dette spørsmålet svekkjer karakteren av brot i kuhnsk forstand, og heller indikerer ein gradvis utvikling over tid. Men det er ikkje tidsfaktoren som i første rekkje definerer eit paradigmeskifte, men det at to paradigme

³⁴ Krogh m. fl. 2003: 270f.

³⁵ Medick: 84.

³⁶ Medick: 86.

representerer noko uforlikleg og eventuelt usamanliknbart.³⁷ Historie kan etter dette synet oppfattast som ein fleirparadigmatisk vitskap.³⁸

Når det gjeld det metodiske aspektet ved mikrohistorie, kan det påvisast at mikrohistorie nyttar metodar som skil seg frå metodiske reiskapar som er utbreidde innanfor tradisjonell historie. Det som likevel først og fremst slår ein i møte med den mikrohistoriske tilnærminga, er viljen til å bygge ned disiplingrensa mellom historie og antropologi. Mikrohistorie har eigentleg ikkje noko gjennomført eklektisk haldning til bruk av metodar som i utgangspunktet ikkje tilhører historiefaget. Disiplingrensene som omsluttar historie som fag vert primært opna i forhold til eitt anna fag, antropologi, og påverknad frå andre fag har vore kanaliserete via antropologifaget (jf. semiotikken). Koplinga til antropologien har si viktigaste årsak i ei felles interesse for det ”annleise” i kulturell forstand. Kryssinga av disiplingrenser skjer gjerne i fag som er lausare samanknytt kring eit sett med verdiar, speleregler og arbeidsfelt (jf. paradigmeomgrepet), og både antropologi og historie kan karakteriserast som slike fag.³⁹ Denne lause samankopplinga og flytande / svake disiplingrenser kan nettopp vere eit uttrykk for at historiefaget, i motsetning til t.d. naturvitskaplege fag, framleis er i ein før-paradigmatisk tilstand.

Eit konstituerande trekk ved mikrohistorie er altså fokuset på det annleise og framande, men også tema/grupper som er ”gløymde” av historia. I tillegg har ein interesse for fenomen som vert oversett i tradisjonell forsking fordi dei rett og slett er vanlege eller sjølvsagte. Denne desentreringa av blikket på fortida finn ein att også i metoden, t.d. i samband med ”hermeneutics with a difference” og ”framandgjeringa” av fenomen som i utgangspunktet verkar kjende. Men er ikkje dette skifte av fokus i forhold til tradisjonell historieskriving eit uttrykk for det Kuhn kallar ”puslespel” i samband med normalvitskapen? I så fall må ein gå utifrå at historiefaget allereie har etablert eit sett av teoretiske og metodiske plikter som avklarar rammene for forskarpraksisen. Mikrohistorie må etter dette synet forståast som uttrykk for historisk forskingsaktivitet som har som målsetjing å utvide omfanget av og presisjonen til kunnskapen innanfor det føreliggande paradigmet.⁴⁰ Dette skjer gjennom å forske på tema og område som hittil ikkje har vore dekte av det tradisjonelle historiefaget. Eit slikt syn har likevel som føresetnad at usemje om fagleg grunnlag og metode ikkje er aktiviserte. Ifølgje Kuhn oppstår slike spørsmål primært i samband med kriseperiodar

³⁷ Gilje og Grimen 2007: 92.

³⁸ Gilje og Grimen 2007: 95.

³⁹ Klein 1996: 38ff.

⁴⁰ Kuhn 2007: 53.

for eit paradigm.⁴¹ Det ein derimot har sett i samband med etableringa av mikrohistorie og framveksten av den nye kulturhistoria, er nettopp at den teoretiske og metodiske debatten har vorte intensivert. Ei skildring av mikrohistorie som utøving av normalvitenskap vil truleg også verte avvist av mikrohistorikarane sjølve. Desse opplever at dei driv historiegranskning på heilt andre premiss enn det tradisjonelle historiefaget, m.a. ved å avvise gyldigheita av dei store forteljingane (metahistoriene) til fordel for dei mange små og innbyrdes motstridande historiene.

Litteratur

- Egholm, Liv: "Mikrohistorie". *Den jyske historiker*, nr. 85. 1999, s. 20–46.
- Gilje, Nils og Grimen, Harald: *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger. Innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. 12. utgåve. Universitetsforlaget 2007.
- Ginzburg, Carlo: *Osten og ormene – kosmos ifølge en 1500-tals møller*. Forlaget Klim 2006.
- Harbsmeier, Michael: "Mikrohistorie – et plaidoyer". *Den jyske historiker*, nr. 85. 1999, s. 7–19.
- Iggers, Georg G.: *Historiography in the Twentieth Century. From Scientific Objectivity to the Postmodern Challenge*. Wesleyan University Press 2005.
- Kaldal, Ingar: *Alltagsgeschichte og mikrohistorie*. Nr. 2 i Skriftserie fra historisk institutt. Universitetet i Trondheim 1994.
- Kaldal, Ingar: *Frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie*. Det Norske Samlaget 2002.
- Kjeldstadli, Knut: "Verken relativisme eller absolutisme, men et relasjonelt standpunkt." *Historisk tidsskrift* 4/1993, s. 517–521.
- Kjeldstadli, Knut: *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. 4. utg. Universitetsforlaget 1997.
- Klein, Julie Thompson: *Crossing Boundaries. Knowledge, Disciplinaries, and Interdisciplinaries*. University Press of Virginia 1996.
- Krogh, Thomas m. fl.: *Historie, forståelse og fortolkning. Innføring i de historisk-filosofiske fags fremvekst og arbeidsmåter*. 4. utg. Gyldendal akademisk 2003.
- Kuhn, Thomas S.: *Vitenskaplige revolusjoners struktur*. Bokklubbens kulturbibliotek 2007.
- Medick, Hans: ""Missionaries in the Row Boat"? Ethnological Ways of Knowing as a Challenge to Social History". Comparative Studies in Society and History, vol. 29:1. Cambridge University Press 1987, s. 76–98.

⁴¹ Gilje og Grimen 2007: 95.

- Nydal, Rune: "Innledende essay", i Kuhn, Thomas S.: *Vitenskaplige revolusjoner historie*, VII-XXXVIII. Bokklubbens kulturbibliotek 2007.
- Sabean, David Warren: *Property, production, and family in Neckarhausen 1700–1870*. Cambridge University Press 1990.
- Simonsen, Dorthe Gert: *Tegnets tid. Fortid, historie og historicitet efter den sproglige vending*. Museum Tusculanums Forlag 2003.
- Thing, Morten: "Spor og tegn. Introduktion til Carlo Ginzburgs forfatterskab". I Thing, Morten og Sørensen, Gert (red.): *Spor. Om historie og historisk metode*. Museum Tusculanums Forlag 1999.
- Tjønneland, Eivind: "Thomas Kuhn". I Eriksen, Trond Berg: *Vestens tenkere*, bind III. *Fra Freud til Baudrillard*. 4. opplag. Aschehoug 1998.